



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4978 - 14/13718

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
05.06.2014


Oversending av søknad til uttale - gbnr 137/351 Alver

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå gjeldande arealføremål i reguleringsplan og byggegrense mot sjø i kommunedelplan for Knarvik- Alversund i samband med oppføring av containergarasje i samband med eksisterande reinseanlegg i området. Containergarasjen er i søknaden vist med ein storleik på ca. 37 m². Tiltaket skal nyttast til oppbevaring av containere i samband med tømning av avfall frå reinseanlegget.

Planstatus


Den delen av eigdommen som tiltaket er plassert på er avsett til offentlege køyreområde (køyreveg) i reguleringsplanen for Ikenberget bustadfelt. Tiltaket vert plassert opp mot regulert område for «offentleg bebyggelse/barnehage».

Vidare krev tiltaket dispensasjon frå byggegrense mot sjø i kommunedelplanen for Knarvik- Alversund.



>Reguleringsplankart





Kommunedelplan Knarvik - Alversund

VURDERING

Dispensasjon

Tiltaket det vert søkt om dispensasjon til å etablera er eit mindre tiltak. Tiltaket er direkte knytta opp om reinseanlegget som ligg her, og føremålet med garasjen er å betra tilkomsten til tømming av avfall får anlegget, samt for oppbevaring av avfall frå reinseanlegget fram til tømming.

Som søker viser til i søknaden er terrenget i området bratt og tilgjengeleg, og svært lite egna for busetnad.

Delar av tiltaket vil ligga innanfor reguleringsføremålet «offentlig bebyggelse». Det er såleis ein liten del av tiltaket som er plassert i strid med arealføremålet. Det ligg i dag eit reinseanlegg her. Det tiltaket det no vert søkt om dispensasjon for å oppføra, vil ikkje føra til endra bruk av området, ut over det som er der i dag. Tiltaket vil heller ikkje føra til ytterlegare privatisering av området, slik vi ser det.

På bakgrunn av dette er Lindås kommune positiv til at det vert gjeve dispensasjon i denne saka.

Dispensasjonssøknad med vedlegg er lagt ved dette brevet.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Therese Sylta
konstituert fagleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Byggesak GBNR 137/351 Alver - oppføring av containergarasje og renseanlegg II
Kart

Kopi til:

Ing. Sten Hallgren VVA- planlegging Tjuvikveien 4 5108 HORDVIK
as
Lindås kommune v/Teknisk drift

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland Postboks 7310 5020 BERGEN